

Rotnorsk døl i nazi-

38 JAN NYBERG

Borgens Tidende
3/10 - 87

109625

hæren

” Det kan synast utruleg i dag at nokon, sjølv ein truande nasjonalsosialist, ville melde seg frivillig i Hitlers teneste så seint som våren 1943. Men Sverre Ryen gjorde det. Og han var ikkje åleine. Hundrevis av nordmenn melde seg ved lokale kontor, eller hos Leitstelle i Oslo. Den siste søknaden fylkesordføraren i Oppland mottok frå ein som ville ut og slåss for Hitler, kom han i hende 7. mai 1945. Han returnerte søknaden. ”

Denne veka kom Egil Ulateigs bok om Sverre Ryen ut. «Dagbok frå ein rotnorsk nazist», heiter boka, og er — ved sida av å vere direkte avskrifter frå Ryens dagbok som frontkjempar — eit forsøk på å avdekkje grunnane til at frontkjemparane valde som dei gjorde, samstundes som Ulateig går inn på ein grundig sosiologisk analyse av fleire bygder i Gudbrandsdalen og Østerdalen, som fostra så mange nasjonalsosialistar og frontkjemparar.

«Hvis alt du gav»

11. mars 1943 gjekk Quisling ut med den første store appellen til «nordmenn med ansvarsbevissthet, offervilje og mannsnot» til å melde seg til teneste i «Panserregimentet i Norge». Appellen avslutta med ei lidenskapleg verseline: «Hvis alt du gav foruten livet, så husk at du har intet givet», og var undertekna av mellombels førar for Germanske SS i Noreg, SS-Obersturmführer Olaf Lindvig — mannen som i år kom på førstedene i alle landets aviser da han mottok den norske deltakarmedaljen, samstundes som han hadde Jarnkrossen.

Dagen etter Quislings kjenslelaga opprop, tok Ryen sitt livs val, og slutta seg til den for ei kort tid mektigaste ordenen Europa har sett, Schutz-Staffel — SS.

Då krigen var over hadde 125 000 ikkje-tyske vesteuropearar frivillig gått inn i SS-teneste. 85 000 av dei frivillige i Hitlers hær kom aldri heim. Kor mange nordmenn som fall — eller slutta seg til, veit ingen nøyaktig. Men i ein rapport stempla hemmeleg til Obergruppenführer Rediess i Oslo frå 30. september 1944, blir det opplyst at 4133 nordmenn til då, hadde meldt seg til teneste i Waffen-SS og 611 var falne ved fronten.

Det endelege talet er rekna å vere langt høgare, og Olaf Lindvig meiner til dømes at dei mista rundt 1200 mann — av dei 7000 som fekk reise ut. I enkelte kompani — som i Sverre Ryens, var tapsprosenten rundt 80. Etter rettsoppgjøret i Noreg vart 4272 frontkjemparar dømde til å gå i fengsel, og lengda på straffa var gjennomsnittleg tre år og fire månader. Olaf Lindvig fekk 12 år.

Frå alle grupper

Sverre Ryens lagnad som frontkjempar er altså ikkje einestående. Han delte vanlagnaden med tusenvis av nordmenn frå heile landet — berre Sogn og Fjordane var unntaket. Frontkjemparane kom frå alle aldersgrupper, den eldste var 57, den yngste 14 — sjølv om den offisielle lågaldere var 17. Også alle yrkesgrupper — prestar inkludert — var representerte, og ikkje berre bønder, som ettertida har skapt myter om.

Spør ein norske frontkjemparar i dag om grunnane til at dei søkte frontteneste, nemner dei oftast to hovudgrunnar: Hatet mot kommunismen, og at berre ved å ofre livet, kunne ein få Hitler til å tenkje godt om Noreg når det nye Europa ein dag skulle attreisast.

Kjenslestyrt bygdegut

Sverre Ryen kom frå Sel i Gudbrandsdalen. Sel raga ikkje høgt på lista over NS-kommunar. Då Ryen drog i krigen hadde partilaget litt over 50 medlemmar, eller under tre prosent av befolkninga. Skulekameratar hugsar han som ein middels flink elev, og ingen intellektuell. Det einaste som skilde han frå andre var at han las meir, og av dagboka hans framstår han som ein kjenslestyrt, sentimental mann, ein vanleg bygdegut frå Nord-Gudbrandsdalen.

Som dei frivillege flest, som melde seg til austfronten, framstår også Sverre Ryen som ein politisk idealist, ein romantisk krigar som i alle fall ikkje slost for pengar eller utsikt til ei lysande materiell framtid som krigsutbyte. Løna som Sverre Ryen fekk i Waffen-SS var ein riksmark om dagen, og ein ekstra når han låg ved fronten.

Mange av dei som slutta seg til fronttenesta, hadde tidlegare kjempa mot tyskarane då dei hørtok heimlandet, medan dei no såg ei framtidsvon for det same heimlandet etter kapitulasjonen, ved å trekke i fiendens uniform.

Eiden til Hitler

«Eg sver deg, Adolf Hitler, som Førar og kanslar for Det tyske rike, truskap og djervskap. Eg lovar deg og dei du har peikt ut til å vere føresette, lydnad til døden. Så sant hjelpe meg Gud.» Dette var

eiden Sverre Ryen framsa 7. juni 1943, som symbol på ei heilag og personleg binding mellom SS-mannen og Adolf Hitler. Høgtida fann stad i Sennheim, i lag med hundrevis av andre frivillege, undervegs mot fronten. Frå no av skulle Sverre Ryen og kameratane hans få føle kva dei hadde sagt ja til.

I september hamna 1. kompani av Regiment Norge i ein liten by i Kroatia. Verken Ryen eller dei andre nordmennene skjønte det minste av det balkanske slaktehuset dei hadde fått som arbeidsplass. Oppdraget var ikkje krig, men terror. Med unntak av jødetryddinga vart krigen i det som i dag heiter Jugoslavia, rekna å vere den blodigaste i heile Europa.

Om lag 1,7 millionar menneske vart drepane, og fordi tyskarane

” Fra Norge til kamp mot Sovjet vi går, vi alt er beredt til å tape. Og selv om en jøssing kamp ei forstår, så vikar vi aldri tilbake. ”

ikkje godtok motstandarane som vanlege soldatar, men såg på dei som bandittar, gjekk dei mykje meir omsynsløst fram enn andre stader. Massakering er nærmest sanninga, men sjølv om det i ettertid vart dokumentert at SS var med på store og små massakrar i strid med folkeretten, vart det aldri dokumentert om Regiment Norge delte i desse massakrane.

Helvete ved ontent

Våren 1944 nåfryen for første gang den verkele krigsfronten i Estland ein staDagboksnotata fortel om eit trøsløst helvete, eit fornedrande adeliv i gjørmete skyttargravnad store daglege tap av vep og kameratar. Ryens tropper gå nederlag til nederlag, men i seg fanatisk vidare, som relie korsfararar for den rette truan prøvte for eit nytt verdssyr øvsteprestar for ein ny religion

Frontkjemparen går ikkje tilbake for å ta poetiske ord og vendingar i bruk for å skildre sin håplause kvardag. I breva til familie og vener i Noreg er det med lakonisk ro han oppsummerer stoda, som langt frå er lys. Likevel er det med ei større og større tru på at han ein gong skal kunne vende tilbake til det han omtalar som si kjære heimbygd.

Fall ved Oder

Det siste livsteiknet som nær fram til bror hans, er datert 19. januar 1945, frå ein bunkers i Kurland. Nokre dagar seinare får dei beskjed om å forlate Kurland. Den siste tida kjempa Ryen rundt byen Stargard. Nokre få dagar før toårskontrakten hans gjekk ut, og krigen også var over, fall han ein stad i nærleiken av Oder. Ingen veit sikkert når og kvar. I Gudbrandsdalen fantaserte ein lenge om at han hadde skifta namn, og levde ein annan stad. Men han dukka aldri opp.

Sverre Ryen —
til kamp for Noreg
og Hitler.